


---

ULVIK FJELLSTYRE

---



ULVIK FJELLSTYRE  
2020 – 2023

# ULVIK FJELLSTYRE 2020 – 2023

## Leiar:

Knut Sygnestveit

## Nestleiar:

Stig Yngve Røkenes

## Styremedlem:

- Atle Ulgenes
- Kåre Olai Solheim
- Johannes Sponheim

## Sekretær

Harald Normann Andersen,  
*tilsett i Fjellstyra på  
Hardangervidda A/S.*

Ulvik fjellstyre er aksjeeigar i selskapet Fjellstyra på Hardangervidda A/S saman med Eidfjord, Ullensvang, Røldal, Øvre Numedal og Rauland fjellstyre.

Ulvik fjellstyre forvaltar statsallmenninga i Ulvik etter Fjellova på vegne av Statskog SF. Ulvik fjellstyre er eit sjølvstendig styre vald av Ulvik heradsstyre.

I villreinutvalet for Nordfjella sit Stig Yngve Røkenes og Atle Ulgenes sit i villreinutvalet for Hardangervidda.

Knut Sygnestveit sit i styret for Fjellstyra på Hardangervidda A/S og møter på landsmøte i Norges Fjellstyresamband der Ulvik fjellstyre er medlem.

I saker der Ulvik fjellstyre har interesser er Norges Fjellstyresamband juridisk rådgjevar.

Hovudinntektene til Ulvik fjellstyre kjem frå sal av villreinkort, småviltkort, fiskekort, avgifter på festetomter og utleige av hytter. Dei største utgiftspostane er fjelloppsyn, drift og vedlikehald av hytter samt utsetjing av setjefisk.

---

## ULVIK STATSALLMENNING

400 km<sup>2</sup>, noko som utgjer 57 % av arealet i Ulvik herad. Ein reknar med at 363 km<sup>2</sup> av dette er villreinareal. Vidare er det omlag 20 fiskevatn med eit areal på 20 km<sup>2</sup>. Hardangerjøkulen med omlag 20 km<sup>2</sup> ligg i Ulvik herad.

## BEITEBRUK

Det er sju brukarar som har utvist beite i Ulvik Statsallmenning; Langavasshøgden, Austdalen, Torbjørnstølen, Oksabotnen, Oksabotnen sør og Hansbu. Kvar sommar beitar det omlag 1300 sau og lam her. Det har ikkje vore beita med storfe sidan 1985. Det var mjølkekyr på Torbjørnstølen fram til 1965, sidan berre ungdyr av storfe.



# HYTTER

Ulvik fjellstyre eig fire steinbuer, tre naust og fem hytter som alle er tilgjengelege for utleige. I tillegg vert det kvar sommar sett opp lavvo ved Langavatnet (32V 401241 6714506). Husvære er nummerert med punkt. Du finn plasseringa av hyttene, steinbuene og lavvoen i kartet på midtsida i foldaren.

Framsida foto: Rundavassbu av Atle Uligenes

## 1. Rundavassbu

– Nr. 1 i kartet Koordinat: 32V 400198 6720506

Steinbu i eit rom. Vedomn og noko kjøkenutstyr. To liggeplassar. Bua er under renovring, og er difor ikkje klar for overnatting i 2020. Enkel standard. Bua ligg i nordre enden av Rundavatnet rett sør for Vetla Rundavatnet. Open.



## 2. Austdalsbu

– Nr. 2 i kartet Koordinat: 32V 402427 6719883

Steinbu med takglas. Nyrestaurert innvendig sommaren 2015. Vedomn, propanbrennar samt noko kjøkenutstyr. Berre til sommarbruk då den er borte under snø vinterstid. To liggeplassar. Open.



## 3. Sankebu

– Nr 3. i kartet Koordinat: 32V 402083 6719928

Hytta er utleigd til brukar som har sau på beite i statsallmenningen. 32 m<sup>2</sup>, vedomn, vindfang, gang, soverom, opphaldsrom, hems og utedo. Nytt tak 2011, ny kledning 2018. Kodeboks.





#### 4. Memorgebu

Nr 4. i kartet Koordinat: 32V 407918 6720844

Steinbu i eit rom. Hytta vart sett i stand etter brann i 1983 med nytt tak, drenering av vatn, nytt tak og golv. Vedomn, propanbluss og noko kjøkenutstyr. To til tre liggeplassar, enkel standard. Kodeboks.



#### 5. Ripsebu

Nr. 5 i kartet Koordinat: 32V 401197 6715502

Bygd i 1984, to rom, vedomn, propanbluss og kjøkenutstyr. Tre til fire liggeplassar, utedo. Solcellanlegg. Ny kledning 2020. Båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. Kodeboks.



#### 6. Søre Grøndal

Nr.6 i kartet Koordinat: 32V 400704 6723080

Bygd i 1952, to rom, vedomn, propanbluss og kjøkenutstyr, fire liggeplassar, uthus med utedo.

Tilhøyrande naust med båt og garn. Restaurert innvendig 2012. Ny kledning og solcellanlegg i 2019. Kodeboks.



## 7. Dyrahola

Nr. 7 i kartet Koordinat: 32V 4003399 6722930

Oppført i 1988, vedomn, propanbluss og kjøkkenutstyr for seks personar. Hytta har gang, soverom med fire liggeplassar, kombinert kjøken/stove og hems. Solcelle-anlegg, utedo. Kodeboks.



## 8. Lengjedalsbu

Nr. 8 i kartet Koordinat: 32V 423291 6720167

Steinbu i eit rom, sett i stand på slutten av 70-talet, nytt torvtak i 1987, vedomn, propanbluss og noko kjøkkenutstyr, to til tre liggeplassar. Nye glas og front i 2017. Open.



## 9. Finsebu


Nr. 9 i kartet Koordinat: 32V 418639 6719173

Hytta har eit areal på ca. 80 m<sup>2</sup>. Stove med kjøkenkrok, tre soverom, åtte liggeplassar, vedbod, entre, vaskerom, bod og snurredass. Elektrisk komfyr og kjøleskåp ++. Vedomn. Ikkje innlagt vatn, men det renn ein bekk rett ved hytta der ein finn vatn. Vinterstid kan ein hente vatn på stasjonen eller smelte snø. Hytta er lett tilgjengeleg omlag 700 meter frå Finse stasjon. Låst.



**For leige av hyttene på Osaffellet i perioden 15.07-30.09 kan innbyggjarar i Ulvik ta kontakt med Stig Yngve Røkenes på telefon 480 95 710. Utanom perioden nemnd ovanfor kan Ripsebu, Søre Grøndal og Dyrahola leigast via Inatur.no. For leige av Memorgebu, kontakt sekretær.**






5. Ripsebu  
6. Søre Grøndal

7. Dyrahola  
8. Lengjedalsbu

9. Finsebu  
10. Lavvo



# FISKE

Innbyggjarane i Ulvik har særrettar ved fiske i allmenningar, der dei kan nytta garn og oter. Aurefisket i Statsallmenningen er jamt over godt, og det vert fanga fisk rundt kiloet med jamne mellomrom. Fisken er av god kvalitet, med fin raudfarge i kjøtet.



*Kilosfisk tatt på floge i Kvilinganutvatn - Foto: Harald Normann Anderssen (HF)*

## **GODE VATN OG VASSDRAG SOM ER VERD EIT BESØK:**

- Langavatn
- Memorgevatna
- Austdalsvassdraget
- Fløyelsvatna
- Kvannjolvatnet
- Kaldavatnet

Fiskesesongen startar sjeldan før eit stykke ut i juli, isen kan ligge lenge på dei høgtliggande vatna. Sluk og spinnar er mest nytta, men under gode vertilhøve kan ein og få bra utteljing med flogestanga.



*Lavvo ved Langavatn - Foto: Atle Ulgenes*



*Dorging på Langavatn - Foto: Atle Ulgenes*



# FISKEREGLAR FOR GARNFISKE

## (INNANBYGDSBUARAR)

**1.** Alle som har rett til det, og som vil utøve garnfiske i statsallmenningen må løysa fiskekort for garnfiske. Garnkortet gjeld og for stong og handsnøre heile året.

**2.** Fiske med garn i Statsallmenningen er tillate frå og med 1. august kl. 08.00 til og med 15. september kl. 18.00 unntatt Langavatnet, Rundavatn, Floskefonnsvatn og Søre Grøndalsvatn der fiske med garn er tillate frå 15. juli kl. 08.00 til og med 15. september kl. 18.00.

**3.** Det er ikkje lov å setja garn nærare innfalls- og utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkar og lonar (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).

**4.** Garnfiske er ikkje tillate i vatn som ligg nedanfor dammane Rundavatn og Langavatn.

**5.** Minste maskevidd i alle reine aurevatn i Ulvik Statsallmenning er sett til 16 omfar, 39 mm.  
For Langavatnet er minste maskevidd 18 omfar, 35 mm.

**6.** Garna må vera tydeleg merka med eigar sit namn og adresse, og merka må vera lett synlege.

**7.** Det er sett ei grense på 5 garn pr. kort pr. døger i alle vatn unnateke Langavatn, der grensa er sett til 10 garn pr. kort pr. døger. Det vil seie at ein har høve til å fiske med 5 garn i fleire vatn samstundes i tillegg til 10 garn i Langavatn.

**8.** Dei vatn i Ulvik Statsallmenning som har bestand av røye er unnateke frå reglar om maskevidd og osfreding, og det er lovleg fisketid heile året mot løysing av fiskekort. **Dette gjeld:** Ustevassdraget frå Taugavatnet til Hol grense samt vatn i Såtedalen. Personar som ikkje er busett i Ulvik herad kan og drive garnfiske her mot løysing av stongfiskekort.

**9.** I Finsevatn kan alle fiske med garn, stong og handsnøre utan å løysa fiskekort.

**10.** Om fisk vert sløyd i fjellet skal all fiskeavfall gravast ned eller takast med. Bakgrunn for dette er at det er konstatert innvollsorm på Hardangervidda, og smitten flytt seg mellom vatn om måker og andre fuglar får tak i avfallet.

**11.** Innanbygdsbuarar har lov til å fiske med oter i Ulvik Statsallmenning.

**12.** Garnfiskarar SKAL sende rapport til Ulvik fjellstyre via Inatur.no

### FRIST FOR RAPPORTERING ER SETT TIL 1. OKTOBER.

Fiskekort kan kjøpast på Inatur.no.

<https://www.inatur.no/fiske/50d301f4e4b0ffc69bf2dc63/fiske-i-ulvik-statsallmenning>



# REINSJAKT

Det er to villreinområde i Ulvik. Nordfjella villreinområde går frå Ustekveikja-vassdraget til grensa i nord mot Hol- og Aurland kommune. Villreinområdet sør for Ustekveikja til grensa mot Eidfjord kommune høyrer til Hardangervidda villreinområde. Osafjellet er ein del av dette området.



**Foto: Harald Normann Andersen (HF)**

Innbyggjarane i Ulvik har særlege rettar ved tildeling av villreinkort.

Kort på Statsallmenning er personleg og kan ikkje overdragast eller seljast til andre. Selde kort refunderast ikkje. Jaktkort på Statsallmenning vert tildelt etter reglane i Fjellova §§ 23, 24 og 25.

Ulvik fjellstyre har samjaktavtalar med andre fjellstyre og private område.

**Det er viktig at jegerar som har villreinkort utdelt frå Ulvik fjellstyre held seg oppdatert på dei til ei kvar tid gjeldande reglar. Me vil leggja ut oppdatert informasjon på våre nettsider. Dette er viktig då jaktreglar, samjaktavtalar og liknande kan verta endra år for år.**

I området ved Finse er det eit eige styre for Hallingskarvet nasjonalpark, og i tillegg har Finse biotopvernområde eigne avgrensingar. Det er også reglar for jaktavstand til Rallarvegen. Jakt er ikkje tillate nærmare Rallarvegen enn 500 meter på kvar side.

**Villreinkort kan kjøpast på Inatur.no.**

<https://www.inatur.no/storviltjakt/5a378cefe4b0d3d2f26281c5/ulvik-villreinjakt-for-innanbygds>



# SMÅVILTJAKT

Mesteparten av arealet i allmenningen ligg høgt; mellom 1100-1800 moh, og fjellrypa er dominerande. Grunna låg rypebestand freda fjellstyret all småviltjakt i fem år frå 2013 til 2017. Etter dette tok bestanden seg opp og fjellstyret opna opp att for jakt i 2018.



Fjellrype på Osafjellet - Foto: Harald Normann Andersen (HF)

Det er berre småviltjakt utan hund som gjeld i allmenningen. Jakttida er f.o.m. 15. september tom 23. desember.

Fellingsresultat:	Fjellrype	Lirype	Hare
2018	269	1	3
2019	242	7	3

## Småviltkort kan kjøpast på Inatur.no

<https://www.inatur.no/jakt/50d2fd85e4b0ffc69bf2dc50/smaviltjakt-utan-hund-i-ulvik-statsallmenning>



# KONTAKTINFORMASJON

**Postadresse:**

Ulvik fjellstyre  
Postboks 2  
5731 Ulvik

**Telefon:**

Dagleig leiar / fjelloppsyn,  
Harald Normann Andersen:  
Tlf: 902 13 685

**Kontoradresse:**

Storøyni 10  
5731 Ulvik

Leiar, Knut Sygnestveit:  
Tlf: 975 92 980

**E-post:**

ulvik@fjellstyrene.no

Hyttekontakt,  
Stig Yngve Røkenes:  
Tlf: 480 95 710

**Nettside:** [www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvikulvik](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no/ulvikulvik)

**Facebook:** [www.facebook.com/ulvik.fjellstyre](http://www.facebook.com/ulvik.fjellstyre)

Det ligg òg informasjon om fjellstyret på nettsidene til Ulvik herad, under “Næring og landbruk”.